



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo



Saksbehandlar
Karin Thauland

Tlf. direkte innval
53483353

Vår ref.
2014/1471-2

Dykkar ref.
201101958-10

Dato
6.08.2014

Uttale til søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet

Vi syner til brev frå NVE motteke den 3. juni i år kor vi vert beden om å vurdere søknaden frå Alsaker Fjordbruk AS om uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet i Kvinnherad. Søknaden skal handsamast etter kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8.

Dokumentoversyn

Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker

Saka har vore lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Rosendal. Høyringsfrist 1.9 2014 som også er frist for innsending av fråsegner til NVE. Den vart og kunngjort på kommunen si heimeside den 5. juni.

Bakgrunn for saka:

Alsaker Fjordbruk AS har planar om å utvide av smoltproduksjonen ved deira setjefiskanlegget Ølve Bruk (lokalitet 17855 Hyttevågen). I samband med dette ønskjer dei uttak frå og regulering av Kvitebergsvatnet.

Det er søkt om eit kontinuerlig vassuttak på 16 m³/min(270 l/s). Reguleringa av vatnet er tenkt mellom kote 8,8 (LRV) og kote 10 (HRV). Det vert i dag i periodar tappa ned med 1,8 m. Høgaste vasspeilet ligg med dagens situasjon 9,09 m.o.h.

Dei tekniske installasjonane er i hovudsak allereie etablert.

Nedbørsfeltet er 14,5 km². Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s.

Det er trong for å utvide setjefiskproduksjon utover dei 50.000 setjefiks av laks, aure og regnbogeure som vert produsert i dag.

Plansituasjonen mm:

Anleggsarealet er avsett til næringsverksemd og småbåthamn. Vatnet og vassvegen ligg i LNF område etter gjeldane kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy godkjend i 2011. (Sak 2005/468-201)

Kvinnherad kommune har ein kumme i tilknyting til vassverket på vestida av vatnet ved Røyrane. Kummen ligg på kote 10. På austsida av vatnet ligg ein trykkforsterkarstasjon som treng tilsyn og vedlikehald kumme med tilkomst på skogsvegen. Deler av vegen ligg på kote 9,80. Allereie ved vasstand på kote 9,60 vil vasstanden verte for høg i veggrunn og ved kummer.

På baa sider av vatnet ligg det dyrka mark ned til vatnet. I tillegg ligg det fleire naust og hytter ved vatnet som vert råka dersom vasstanden kjem opp mot kote 10.

Naturmangfald:

Rådgivende Biologer AS skriv i sin rapport:

Kvitebergvassdraget er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag, og har ikkje status som nasjonalt laksevassdrag. Det er registrert yngleområde for andefugl, men ikkje særskilde utvalde naturtypar i influensområdet.

Vatnet er mykje nytta til fritidsbruk og fiske. Auka vasstand vil ha påverknad på tilkomst til båtstøene.

Flaum:

Tiltaket endrar ikkje flaumtilhøva i følgje rapporten frå Rådgivende Biologer. Sjå elles kommentar under punkt om plansituasjon mm.

Verdiskaping og sysselsetting:

Ein vil sikre eksisterande arbeidsplassar samt skape nye både i anleggsfasen og i driftsfasen. Anlegget gir allereie i dag positive ringverknader for lokalsamfunnet. Med utviding av produksjon, vil dette forsterkast ytterlegare.

Anlegget skaper viktig næringsaktivitet i kommunen, og god nytting av naturressursane.

Uttale

På bakgrunn av opplysningane som ligg føre, kan kommunen rå til at dei får løyve til regulering og vassuttak frå Kvitebergvatnet jf. § 8 i Vassressurslova med maksimal HRV på 9.6 m.o.h.

Med helsing

Karin Thauland
næringsrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Ove Gjerde